

MERKNADSSKJEMA - FORSLAGSSTILLARS KOMMENTAR TIL MERKNADER OG UTTALAR -**OFFENDELG ETTERSYN**

| | |
|------------------------------|---|
| Plannamn: | Detaljreguleringsplan for Kvålsvågen gnr. 27 bnr. 6 |
| Arealplan-ID: | 1241_201709 |
| Saksnummer: | 17/1431 |
| Utarbeida av: | ABO Plan og Arkitektur AS |
| Datert/Revidert: | 09.03.2018 |
| Kunngjering oppstart: | 01.12.2017 |
| Frist for merknader | 08.01.2018 |
| Vedtak off. ettersyn | 31.05.2018 |
| Off. ettersyn | 14.06.2018 – 24.08.2018 |

| Avsendar | Hovudpunkt i merknad / uttale | Forslagsstillars kommentar |
|--|--|---|
| Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 Bergen Datert: 16.08.2018 | 1. Fylkesmannen støttar kommunen si vurdering av naustområdet, men vurderer og at det samla byggetrykket i strandsona er for høgt. Fylkesmannen har fagleg råd om at større del av kaia i planen vert teke ut for å ta vare på noko av den naturlege strandlina i planområdet. | 1. Der planframlegget regulerer kai inneber planforslaget samanbygging av to eksisterande kaiar. Strandsona mellom dei to kaiane er bratt og lite tilgjengeleg slik den ligg i dag. Det er også god sjødjupne utanfor strandsona slik at ein kan oppnå gode kaitilhøve med avgrensa areal. Tiltakshavar ønskjer med bakgrunn i dette å oppretthalde den regulerte kaiarealet. |
| Statens vegvesen Region vest Postboks 43 6861 Leikanger Datert: 05.07.2018 | 1. Det er ikkje teke med rekkefølgekrav om opparbeiding av tilkomst til Fv552 før tiltak i medhald av planen kan setjast i verk/gjevast ferdigastest. Eit slikt rekkefølgekrav må takast med i føresegnene. Innspel til varsel om oppstart er innarbeidd i planforslaget og Statens vegvesen har ikkje fleire merknader. | 1. Det er i reguleringsføresegnene teke inn rekkefølgekrav til opparbeiding av tilkomst til Fv552 før det vert gjeve ferdigastest/mellombels bruksløyve til nye naust. |
| Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen Datert: 24.08.2018 | 1. Tiltaket er godt utgreidd og presentert gjennom planomtale, illustrasjonskart og øvrige plandokument. Dette gjev eit godt vurderingsgrunnlag. Prinsipielt er det uheldig at tiltaka vert utvikla i strid med kommuneplanen, men det er ei god løysing å legge til rette for meir effektiv og tenleg arealutnytting av areal som allereie er tatt i bruk og som ligg strategisk til, heller enn å ta i bruk urørt areal. Fylkeskommunen har derfor ikkje vesentlege innvendingar i denne konkrete saka. Føresegnene legg tydelege føringar og avgrensingar for tiltaket i planområdet. 2. Det er gjennomført avklaring med Bergens Sjøfartsmuseum at dei ikkje ville stille krav marinarkeologisk undersøking i planområdet. Museet har ingen andre merknader til det planlagde | 1. Teken til orientering 2. Teken til orientering 3. Teken til orientering. Det er ikkje kjennskap til kulturlandskapstrekk innanfor området. Stor del av arealet er etablert på eksisterande utfylling frå tidlegare næringsverksemd. |

| | | |
|---|--|---|
| | <p>arealinngrepet. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Det vert derfor gjort merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjø finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen vert råka av tiltaket, må arbeidet stoppast og ikkje takast opp att før området er frigitt av kulturminnemyndighetene.</p> <p>3. Det er ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet. Ut frå flyfoto ser området ut til å vere rimeleg opparbeidd og utbygd frå før. Fylkeskommunen har derfor ingen avgjerande merknader i saka. Ved opparbeiding av feltet vert det bedt om at ein unngår inngrep på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bekkemurar, tufter m.m.</p> | |
| <p>Kystverket vest Postboks 1502 6025 Ålesund</p> <p>Datert: 06.07.2018</p> | <p>1. Kystverket har ikkje andre merknader til saka enn at det vert bedt om å ta med i reguleringsføresegnene at tiltaket ligg i kommunen sitt sjøområde og at det er Fusa kommune som er hamnemynde etter gjeldande hamne- og farvasslov.</p> | <p>1. Teken til orientering. Henvising til anna lovverk vert ikkje teke med i reguleringsføresegnene.</p> |
| <p>Noregs vassdrags- og energidirektorat Naustdalsvegen 1B 6800 Førde</p> <p>Datert: 02.08.2018</p> | <p>1. NVE prioriterer å gi uttalar til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. NVE gir derfor ikkje konkret fråsegn i denne saka. NVE minner om at det er kommunen som har ansvar for at det blir tatt tilstrekkeleg omsyn til flaum- og skredfare i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar, slik at ny utbygging blir tilstrekkeleg sikker.</p> | <p>2. Teken til orientering</p> |
| <p>Fiskeridirektoratet Postboks 185 Sentrum 5804 Bergen</p> <p>Datert: 31.07.2018</p> | <p>1. Fiskeridirektoratet gjer merksam på at det er registrert låssettingsplass i Kvålsvågen (Bergsvika). Fiskeridirektoratet har ikkje nyare data om bruk av området til fiske, men ved siste revisjon frå 2006 opplyste fiskarlaget om at Bergsvika og dei andre låssettingsplassane som er registrert i denne delen av fjorden, vert rekna å vere viktige. Det er eit relativt lite område som er teke med i planen, men det vert understreka at tiltak som utlegging av flytebrygger og utfylling i sjø kan kome i konflikt med bruk av området til låssetting. Det er derfor viktig at spørsmål om arealbruk vert teke opp med fiskarlag/lokalkjente fiskarar i planprosessen.</p> <p>2. Med bakgrunn i at detaljreguleringa berre omfattar ein liten del av</p> | <p>1. Planframlegget er sendt som eigen sending frå Fusa kommune 15.08.2018 til Fiskarlaget vest i samband med offentleg ettersyn. Fiskarlaget kom med uttale til planframlegget 17.09.2018.</p> <p>2. Teken til orientering. Planframlegget grensar til eksisterande småbåthamn og inneber eit avgrensa areal i sjø. Det er ikkje plass til å legge til rette for større småbåtanlegg. Planframlegget vil ikkje sette til side regleverket i Havressurslova.</p> |

| | | |
|---|---|---|
| | <p>arealet som avsett til fiske, meiner Fiskeridirektoratet at denne saka bør kunne løysast utan at låssettingsplassen vert vesentleg forringa. Det vert likevel understreka at det skal takast omsyn til bruk av området til fiske. Fiskeridirektoratet ber om å bli orientert etter at fiskarlaget er høyrte. Minner og om regelverket kring lås- og stengeplass jf. Havressurslova.</p> | |
| <p>Fiskarlaget Vest Slottsgate 3 5003 Bergen</p> <p>Datert: 17.09.2018</p> | <ol style="list-style-type: none"> 1. Viser til at fiskarar stadig opplever større konkurranse om areala, særleg i kystsona. Gjer merksam på at kommunen har eit særskilt ansvar for å ivareta lokale og svake regionale fiskeriinteresser i planprosessar. <p>Etablering av kaifasade og eventuelle flytebrygger i reguleringsområdet vil beslaglegge strandsone kontra dagens situasjon. Etablering av småbåthamn vil og føre til at båttrafikken i området vil auke. Fiskarlaget går ikkje mot planforslaget under føresetnad av at det ikkje kjem til hinder for fortsett bruk av kaste- og låssettingsplassen. Det vert vist til Havressurslova i høve ferdsel (20m) og fiske (100m) ved steng/lås.</p> <ol style="list-style-type: none"> 2. Viser til at det er viktig at det vert lagt til rette for miljøvenlege småbåthamner og at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og derfor er grunnleggjande avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogleg fritt for miljøgifter og legemiddel. Ein forutset at forureininga frå området blir avgrensa mest mogleg og at fiskeriinteressene blir godt ivareteke i det vidare arbeidet. | <ol style="list-style-type: none"> 1. Teken til orientering. Planframlegget grensar til eksisterande småbåthamn og inneber eit avgrensa areal i sjø. Det er ikkje plass til å legge til rette for større småbåtanlegg for det gjeldande sjøarealet. Småbåttrafikken er vurdert til å vere avgrensa og planframlegget vil ikkje sette til side regelverket i Havressurslova. 2. Planframlegget legg i liten grad til rette for etablering av ny småbåthamn og det er eit avgrensa areal som vil nyttast til fortøying av båtar. Det er ikkje venta at planframlegget medfører auka ureining i området. |
| <p>Bergegrend/Austestad Bygdeutval v/ Stig Berge Stølane 4 5640 Eikelandsosen</p> <p>Datert: 23.08.2018</p> | <ol style="list-style-type: none"> 1. Bergegrend/Austestad Bygdeutval stiller seg sær positiv til tiltaket og ynskjer at tiltakshavar skal få kome i gang med prosjektet. Opprusting av området vil kome bygda til nytte, sidan det er eit område i forfall slik det står no. | <ol style="list-style-type: none"> 1. Teken til orientering. |